



BROKKE VATN OG AVLAUPSVERK AS

v/ Steinar Nomeland  
4748 RYSSTAD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ildikó Nordensvan, 37 01 75 51

## Inspeksjonsrapport etter tilsyn ved Brokke vatn- og avlaupsverk

### Kontrollnummer: 2021.270.I.FMAG

#### Deltakere ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Steinar Nomeland  
Per Olav Kvitli

*Frå Statsforvalteren i Agder:*

Ole Martin Aanonsen  
Ildikó Nordensvan

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Brokke vatn og avlaupsverk AS den 21. oktober 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Agder avdekka 1 avvik og det blei ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

#### Avvik:

1. Verksemda sin utsleppskontroll har manglar.

Avvik er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

#### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

22. november 2021

Ildikó Nordensvan

Ole Martin Aanonsen

dato

kontrollør

seniorrådgjevar

Statsforvaltaren i Agder

E-postadresse:

[sfagpost@statsforvalteren.no](mailto:sfagpost@statsforvalteren.no)

Sikker melding:

[www.statsforvaltaren.no/melding](http://www.statsforvaltaren.no/melding)

Postadresse:

Postboks 504,  
4804 Arendal

Besøksadresse:

Fløyveien 14, Arendal

Telefon: 37 01 75 00

[www.statsforvalteren.no/agder](http://www.statsforvalteren.no/agder)

Org.nr. 974 762 994



Kopi av rapporten skal sendast til:  
Valle kommune



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> BROKKE VATN OG AVLAUPSVERK AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 984125917	<b>Eigd av:</b> 984099118
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 36.000 - Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Brokke vatn og avlaupsanlegg/avlauvsverk AS	<b>Anleggsnr.:</b> 4221.0012.01
<b>Kommune:</b> Valle	<b>Fylke:</b> Agder
<b>Anleggsaktivitet:</b> Privat avlaupsanlegg	
<b>Løyve gitt:</b> 20. august 2008	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Miljødirektoratet sin nasjonale tilsynsaksjon for avlaupsanlegg som er regulert og har løyve frå Statsforvalteren etter forurensningsforskriften kapittel 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser*.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Plan for oppgradering av reinseanlegg
- Oppfølging av klageavgjerd frå Miljødirektoratet
- Akkreditering
- Drift av avlaupsanlegg
- Utslepp til vatn
- Reinsekrav og prøvetaking
- Internkontroll inkl. miljørisikovurdering og avviksbehandling
- Resipientundersøking

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kjem fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.



### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Brokke vatn og avlaupsverk AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvalteren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Brokke vatn og avlaupsverk AS innan 15. januar 2021 sender ei skriftleg utgreiing som syner korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmavpost@statsforvalteren.no) til Statsforvalteren i Agder v/Ildikó Nordensvan.

#### Pålegg om handlingsplan

Statsforvalteren i Agder viser til klageavgjerd frå Miljødirektoratet, datert 13.4.2021, og vårt varsel under tilsynet om pålegg om handlingsplan for prosessen for akkreditert prøvetaking.

Brokke vatn- og avlaupsverk må utarbeide og sende en forpliktande tidfesta handlingsplan for å innføre akkreditert prøvetaking. Heimel for vedtaket er forureiningslova § 49.

Brokke vatn- og avlaupsvatn må sende handlingsplanen til Statsforvalteren innan 15.1.2022.

#### Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvalteren i Agder seinast 3 dagar etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

### 4. Varsel om tvangsmulkt – akkreditert prøvetaking

Statsforvalteren varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (jf. forureiningslova § 73) dersom vi ikkje mottek ei skriftleg stadfesting på at akkreditert prøvetaking er innført innan 31. mars 2022. Tvangsmulka vil påløpe dersom vi ikkje mottek ei stadfesting som viser at akkrediteringa vil bli på plass innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt er fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 80 000,-.

De har anledning til å kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvalteren i Agder seinast to veker etter at denne rapporten er motteke.

### 5. Vedtak om gebyr

Vi visar til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 21. september 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvalteren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskriften. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Brokke vatn og avlaupsverk AS betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Det svarer til gebyrsats 1 for tilsyn med varigheit inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvalteren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.



## Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvalteren i Agder. Vi vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil beløp innbetalt for mykje, bli refundert.

## 6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvalteren i Agder (jf. offentleglova).

## 7. Avvik

Statsforvalteren fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

Verksemda sin utsleppskontroll har manglar.

### Avvik frå:

Utsleppsløyve av 20.8.2008 punkt 2.2 - Internkontroll, målingar, rapportering  
Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 14-11 (Akkreditert prøvetaking), § 14-12 (Analyse) og § 14-14 (Varsling om overskridingar av reinsekra) §  
Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5 andre ledd punkt 7

### Kommentarar:

#### Om akkreditering

Avlaupsanlegget er regulert gjennom utsleppsløyve, datert 20.8.2008 og parallelt gjeld forureiningsforskrifta kapittel 14. I forureiningsforskrifta § 14-11 er det krav om akkreditert prøvetaking. Verksemdar som utfører prøvetaking, derunder konservering, skal frå 31. desember 2008 vere akkreditert for prøvetakinga, eller ha eit tilsvarande kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ei kvalifisert nøytral instans, jf. § 14-11.

I 2011 ga Statsforvalteren utsetting på kravet om akkreditert prøvetaking med visse vilkår, men etter 2015 hadde Statsforvalteren ikkje myndigheit til å gi utsett frist for dette kravet. Dette blei òg presisert av Miljødirektoratet i brev av 13.4.2021.

Brokke vatn- og avlaupsverk har framleis ikkje innført akkreditert prøvetaking, med de har opplyst at verksemda vil arbeide med dette nå og prøver å finne løysningar så fort som mogleg.

#### Om måleprogram

Verksemda skal òg ha en skriftleg prøvetakingsprogram/måleprogram som viser instruksar for korleis og når prøvane tas, konserverast og oppbevarast. Rutinar for vurdering av prøveresultatet og varslingar skal òg inngå prøvetakingsprogrammet. Måleprogrammet skal vera ein del av verksemda sin internkontroll og haldast oppdatert. Måleprogrammet skal omfatte antatt maksveke for belastning for det enkelte anlegg og periodar med overløp.

Ved tilsynet kunne verksemda ikkje framvise eit skriftleg prøvetakingsprogram for korleis og når prøvane skal takast og oppbevarast. Verksemda opplyste at de følgjer Ipec Miljø sitt prøvetakingsprogram, men dette var ikkje tilgjengeleg ved tilsynet.



## 8. Andre kommentarar

### Tilbakemelding på innleiande resipientvurdering

Vi viser til avvik 5 i inspeksjonsrapport av 27.4.2020 kor vi påpekt at verksemda ikkje har utført resipientgranskingar. Verksemda har ved tilsynet i år vist fram rapport frå Asplan Viak, *Brokke RA - innledende resipientvurdering*, Oppdragsnr.: 633300-01, datert 1.6.2021. Asplan Viak anbefaler i rapporten å ta fleire prøver pga. lite grunnlagsdata om Faråni.

Vi minner om at overvåkingsprogrammet skal vere i tråd med vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking § 18 og vedlegg V punkt 1.3 og vurderast etter klassifiseringssystemet for miljøtilstand i vatn. Overvåkingsprogrammet skal følgje anbefalingar gitt i gjeldande versjon av rettleiaren *Klassifisering av miljøtilstand i vann* (02:2018). Programmet skal vise og grunngi kva element som vil bli undersøkt. Plasseringa av prøvetakingspunkt, prøvetakingsfrekvens og korleis og i kva medium (biota, sediment etc.) undersøkingar vil bli gjennomførte skal også gå fram av og grunnrivast i programmet.

Det er viktig at verksemda sender forslag til overvåkingsprogram, slik at vi kan gi kommentarar til programmet i god tid innan sjølve prøvetakinga setjast i verk.

**Forslag til overvåkingsprogrammet skal sendast Statsforvaltaren seinast 15. januar 2022.**

## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) med underliggende forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvalteren, datert 20.8.2008
- Avgjerd frå Miljødirektoratet 13.4.2021